

Referat FAU-møte

Tid og stad: 08.12.25 kl. 17:00 – 18:00, Moster skule

Møtt:

Joakim Lund, rektor ved Moster skule

Tor Øystein Totland Røyrvik

Magnus Isdal Stokka

Kristoffer Bonden Isachsen

Marianne Hollund Espeland

Saksnr.	Sak	Ansvar
1	Val av nytt styre: Leiar: Thor Øystein Totland Røyrvik Nestleiar: Kristoffer Bonden Isachsen Kasserar: Magnus Isdal Stokka Skrivar: Marianne Hollund Espeland	
2	Økonomi: - Bankkonto for FAU: Vi vil opprette organisasjonsnummer og bankkonto for FAU. Kasserar kan stå som eigar. Protokoll må signerast av resten av styret. - Gåve frå Finnås Kraftlag blir midlertidig sett inn på konto til elevrådet, kr. 31 500,-. Pengane skal brukast til å dekke utgifter til nye matter under reilene og sand under klatrestativet. - I 2026 ønsker vi å søke midlar frå Finnås Kraftlag til kjøkenhage og mikrofonmyggar. Ein mygg kostar rundt 2000 – 3000 kr. Søknadsfrist 15.09.26. - Nett til ballbinge: TØTR har sjekka med lokale fiskarar, men ingen har fiskenot å avsjå. JL har fått pristilbod på kr. 40 000,- for nettet; montering kjem i tillegg. Ballbinga er gåve frå Trond Mohn. JL sjekkar om det er mogleg å søke stiftinga om midlar til nett.	MIS JL
3	Prosjekt trafikksikker kommune, Sykkelstig knytt til Moster skule: Søkar: FAU ved Moster skule. Tildelingsbrev 12.02.2022, referanse 2021/7261-009: Utval for areal og samferdsel ved Bømlo kommune innvilga inntil kr. 199 520,- til prosjektet. Saka har ikkje blitt følgt opp. TØTR kontaktar rådgjevar for folkehelse og frivillighet, Lene Borgen Waage, som har signert tildelingsbrevet, og prøver å få svar på kvifor prosjektet ikkje har blitt følgt opp. Vi er usikre på om det er aktuelt å gjennomføre prosjektet slik det er skissert. Kanskje er det meir aktuelt å få fotgjengarfelt ved gangfeltet langs hovudveggen (fylkesveg 543), samt ved rundkøyringa for bussane, ved krysset inn til skulen og ved krysset inn til Salem.	TØTR
4	Foreldremøte i regi av FAU 2026: Ønska tidspunkt: Starten av mars 2026. Tips til tema: Ordet fangar. Haldningskampanje. Mål: hindre stygg språkbruk.	

[illegible]

Neste FAU-møte: Mandag 2. februar 2026 kl. 17:00